

Eksamen

26.05.2020

HES2001 Helsefremjande arbeid / Helsefremmende arbeid

Programområde: Helseservicefag

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<ul style="list-style-type: none">• Kandidaten viser fagleg kunnskap, ferdigheiter og haldningar i arbeidet i tråd med kompetansemåla i det yrket eleven har valt.• Kandidaten skal grunngje og reflektere over det som vert lagt fram – kva, korleis og kvifor.• Karakteren vert fastsett etter ei heilskapleg vurdering av arbeid som eleven utfører på eksamensdagen

Du arbeider på Helseservice. Du vel sjølv om du arbeider som:

- Apotekteknikar
- Tannhelsesekretær
- Helsesekretær
- Portør

Skriv kva yrke du har valt.

På arbeidsplassen din møter du kvar dag pasientar/kundar med nedsett allmenntilstand. De legg vekt på å førebygge smitte.

Oppgåve 1

I dag møter du Mette Karlsen som har slitt med sår og vond hals nokre dagar. Ho hostar og har feber.

- a) Mette Karlsen ber om informasjon og rettleiing. Kva aktuelle tiltak vil du tilrå Mette? Grunnlegg fagleg.
- b) Mette Karlsen ber om å få råd om reseptfrie legemiddel som kan lindre hoste og feber.
- c) Gjer greie for korleis immunforsvaret arbeider. Utdjup og grunnlegg fagleg.

Oppgåve 2

Mette fortel deg at ho gjekk av med pensjon for eit halvt år sidan, dette har vore ein tøffare overgang enn ho trudde på førehand. Jobben har vore den sosiale arenaen hennar, og ho har ingen nær familie. Ho opplever dagane som lange og litt lite meningsfulle. Ho viser lite initiativ til å ta kontakt med andre.

Forklar på kva måte individuelle og miljømessige faktorar kan påverke den fysiske og psykiske helsa til Mette. Tenk utifrå eit heilskapleg perspektiv.

Oppgåve 3

Ta utgangspunkt i smittekjeda.

Forklar korleis du kan gå inn og bryte smittekjeda, og førebygge smitte på arbeidsplassen din.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<ul style="list-style-type: none">• Kandidaten viser faglige kunnskaper, ferdigheter og holdninger i arbeidet i henhold til kompetansemålene i yrket eleven har valgt.• Kandidaten skal begrunne og reflekter over det som legges fram - hva, hvordan og hvorfor.• Karakteren fastsettes etter en helhetlig vurdering av arbeid eleven utfører på eksamensdagen

Du arbeider på Helse-service. Du velger selv om du arbeider som:

- Apoteketechniker
- Tannhelsesekretær
- Helsesekretær
- Portør

Oppgi hvilket yrke du har valgt.

På arbeidsplassen din møter du hver dag pasienter/kunder med nedsatt allmenntilstand. Dere legger vekt på å forebygge smitte.

Oppgave 1

I dag møter du Mette Karlsen som har slitt med sår og vond hals noen dager. Hun hoster og har feber.

- a) Mette Karlsen ber om informasjon og veiledning. Hvilke aktuelle tiltak vil du anbefale Mette? Begrunn faglig.
- b) Mette Karlsen ber om å få råd om reseptfrie legemidler som kan lindre hoste og feber.
- c) Gjør rede for hvordan immunforsvaret arbeider. Utdyp og begrunn faglig.

Oppgave 2

Mette forteller deg at hun gikk av med pensjon for et halvt år siden, dette har vært en tøffere overgang enn hun hadde trodd på forhånd. Jobben har vært hennes sosiale arena, og hun har ingen nær familie. Hun opplever dagene som lange og lite meningsfulle. Hun viser lite initiativ til å ta kontakt med andre.

Forklar på hvilken måte individuelle og miljømessige faktorer kan påvirke Mette sin fysiske og psykiske helse. Tenk ut ifra et helhetlig perspektiv.

Oppgave 3

Ta utgangspunkt i smittekjeden.

Forklar hvordan du kan gå inn å bryte smittekjeden, og forebygge smitte på din arbeidsplass.



www.vigoiks.no/eksamen